# Meland kommune

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

| | | |
|---|---|---|
| Referanser: | Saksbehandlar: | 31.08.2018 |
| Dykkar: | Marius Flemmen Knudsen | |
| Vår: 18/2073 - 18/18079 | marius.knudsen@meland.kommune.no | |

## Søknad om bygging av landbruksveg - Skarhaugvegen og oppstillingsplass på Gbnr. 19/4 Nedre Sagstad i Meland kommune

Tiltak: Bygging av landbruksveg på ca. 60 meter i vegklasse 4 og oppstillingsplass/lunneplass.
Gbnr: 19/4
Kommune: 1256 Meland
Frist for uttale: 25.09.2018

Meland kommune ha r motteke søknad frå Morgan Atle Sagstad om å få byggje ein landbruksveg og oppstillingsplass/lunneplass på Nedre Sagstad. Det vert søkt om å få byggje ein veg i vegklasse 4 på ca. 60 meter og ein oppstillingsplass/lunneplass i enden av vegen. Vegen og oppstillingsplassen skal nyttast i samband med jord- og skogbruk på garden.

Vegen vil nyttast 100 % til landbruksformål, kor 40 % er skogbruk og 60 % er jordbruk. Det er trong for ein oppstillingsplass til landbruksutstyr, maskinar og liknande. Plassen skal også nyttast i samband med vedproduksjon og produksjon av eigne material. Bruket har lite eiga areal på garden for oppstilling av maskiner og utstyr eller til utnytting av tømmer. Garden vert delt i to av kommunal veg, og det er trong rundt løa på bruket. Ein ny plass til dette vil gjera arbeidet på garden lettare og sikrare.

Det er planlagt to mindre massetak i samband med bygging. Dette er to mindre fjellknausar på om lag 300 $m^3$ som er merka av på kart (raud ring).

Etter forskrift om planlegging og godkjenninga v landbruksvegar, Kap.3 sakshandsaming , vedtak og vilkår mv § 3-1, skal kommunen før eit vedtak fattast, innhenta dei ut taler som er naudsynte, jf. § 1-1. Kommunen ynskjer å klarleggje om det er automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne på staden før søknaden vert handsama. Saka vert oversendt Hordaland Fylkeskommune og kulturavdelinga i Meland kommune for uttale.

Kommunen sender også saka over til Fylkesmannen i Hordaland for uttale jf. § 3 i landbruksvegforskrifta, der Fylkesmannen vert gitt høve til å uttale seg i sakar om nybygging av skogsbilvegar.

**Postadresse**
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

**Kontakt**
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vedlagt følgjer søknaden, kart med planlagt vegtrase og oversiktskart.

Med helsing

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

**Vedlegg:**
Kart
Søknad om bygging av landbruksveg GBNR 19/4

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Morgan Atle Sagstad | Indre Sagstad 21 | 5918 | FREKHAUG |

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fylkesmannen i Hordaland | Postboks 7310 | 5020 | BERGEN |
| Hordaland Fylkeskommune v/ kultur- og idrettsavdeling | Postboks 7900 | 5020 | BERGEN |
| Meland kommune v/ kulturavdelinga | | | |